

Referat frå Årsmøte for 2013,

Ryfylke Fjordhotel AS, Sand, 21.-22. februar 2014

Vikedal og Imsland Sau og Geit var vertskap for Årsmøte.

Møteleiar Sigmund Skjæveland ynskte velkommen .

Ordfører i Vindafjord, Ole Johan Vierdal, ynskte velkommen til Suldal, og han fortalte at han hadde fått lov av Ordfører i Suldal å bera kjede i dette høve.

Vierdal fortalte om Vindafjord Kommune som har ei svært god dugnadsånd. Slagordet til kommunen er «Vital og Sentral» som står for Trivsel – Handlekraft – Levende bygder. Flott Power Point presentasjon med info om kommunen

Godkjenning og innkalling av sakliste

Kan Årsmøte godta endring i program?

Godkjent

Opprop v/Berge Kjell Opsal

5 lokale lag (Forsand, Jøsenfjorden, Kvitsøy, Sola og Årdal) hadde ikkje utsendingar til Årsmøte

Val av 2 personer til å skrive under protokollen saman med møteleiar

Norleif Omdal og Ådne Øverland vert valt til å skrive under møteprotokoll

Tale av leiar i Rogaland Sau og Geit, Magne Jakob Bjørheim

Takker for godt samarbeid i Styret, gode innspel og tilbakemeldingar frå medlemmer og lokallag, andre Fylkeslag, NSG og andre organisasjonar. Takker for god dialog med Fylkesmannen og Mattilsynet, og støtte frå Fylkeskommunen, Fylkesmannen og Innovasjon Norge.

Han orienterte om rovdyr og revepremie og Prosjekta til RSG, Auka bruk av heiabeite, Smittebeskyttelse, Fotråte.

Vellukka Fjelldagar i Sveits.

Rabattavtaler med : Apotek1, Gjensidige, 123 Communication.

Årsmeldinga vart også i år sendt direkte i posten frå trykkeriet, ser ut som det fungerer bra. Feil i «Rovviltkontaktar », - i Suldal skal det stå Tor Inge Bråteit.

Rogaland vevvar nye medlemmer, Hanne Elise Lindal vart årets vevvar, takk til ho.

Fotråte, nokre få tilfelle i Rogaland, siste nå på Nedstrand.

Prisar og kvalitet på lamma har vore god, godt beiteår i heia. Fått innspel frå fleire lokallag om verepris frå 10.november og ut februar.

Landbruksoppgjøret: Ynskjer å auka prisen på både kjøt og beitetilskot, og i tillegg investeringstiltak innanfor organisert beitebruk. Må få hyttene opp i standard for å få dagens ungdom til å overta drift av heiane.

Ny versjon av Sauekontrollen er komen, kjem også som app og lesebrett

Av aktiviteter i styret har me deltatt på Dialogmøter med Fylkesmannen og Mattilsynet, Leiarmøte og Årsmøte i Bondelaget, 50 årsmarkering Rennesøy og Mosterøy Saueavlslag, Samvirkekonferanse, Landbrukskongress, Lam 2014, 100 års markering Jæren Smalalag.

Konklusjon: Alle må produsere meir lammekjøtt, me har for lite!

Til slutt takka han for godt samarbeid og gode tilbakemeldingar.

Kommentarar:

Dagfinn Knutsen: Beitlag, kvar får me opplyst om ledige stader?

Hallgeir Rønnevik kommenterte reklamen på stemmesetlane der det står «Slakteriet du bør velge»

Sigmund Skjæveland svara at det er ikkje noko RSG tar stilling til, det vel du sjølv.

Hanne Elise Lindal oppfordra til å holde oppe trykket på fotrāte.

Foredrag av Professor Dag Jørund Lønning, rektor ved HLB

Høgskulen for Landbruk og Bygdeutvikling , som Lønning er leiari av, vart opna i 2005. Det skal vera eit kunnskapsenter for kreativitet og utvikling. Bøndene kjem sjølv og ber om høgare utdanning, men utfordringa er å lyfta bygdene i ei urban tid. Vil ha studentane, kvar og ein av oss har eit ansvar for framtida. Viktig: Livskraftige lokalsamfunn. Utfordring : Å bli verdiskapar eller bli verdiskapt. Det må me bli på Bygdenivå.

Kommentar:

Knut Thunheim sa dei unge politikarane ser ikkje verdien, dette kan setja hol på ein byll. Me må tilbake til familielandbruk

Foredrag av Nils Vagstad frå Bioforsk Norge

Nils Vagstad , som er stasjonert på Ås, snakka om Matsikkerhet og Matberedskap. Matsikkerhet er nok mat. Kompetanse er viktig. Mat og vatn vert lite verdsatt ved god tilgong. Ute i verden er utfordring varme og tørke. Den verkelege store jokeren de neste 30-50 åra er tilgong til vatn. Framtida treng areal og norsk kornproduksjon er bærebjelken på matberedskap, det har blitt redusert avlingsauke og redusert areal. Mat er makt, og mat er sosial stabilitet.(AREAL og VATN).

Avgjerande ramme: Samfunnets holdning og forståing av kva mat er og kva matproduksjon krev. Kva er folk villige til å betale for maten? Kva er politikarane villige til å støtte? Det er eitt svar: AUKA BEREDSKAP. Alt er basert på at bonden og landbruket gjer jobben sin, og bonden må ha mykje større ærbødighet for yrket.

Kommentar:

Engasjert Årsmøte med mange kommentarar.

Odd Østebø oppfordra NILF til å granska kor grensa går for buskapstorleik når det gjeld økonomi.

Årsmeldinga for 2013

Berge Kjell Opsal gjekk gjennom Årsmeldinga.

Kommentar:

Hallvard Veen saknar å få høgare pris for geiteprodukt og spør om me kan arrangere geitedagar. Han etterspør representant frå Geitenæringera. RSG svara at Tine har fått invitasjon til Årsmøte.

Knut Arild Aamodt ville ha innspel til Jordbruksforhandlingane med å ta bort tilskot til såkalla tilskotsau.

Livar Nedrebø var imot å ta bort det tilskotet.

Årsmeldinga vart godkjent.

Rekneskap for 2013

Rekneskapet vart gjennomgått av Alf Torstein Pettersen.

Kommentar:

Må kopiera opp på ark neste år, dette er for smått til å kunne lesa.

Sveinung Havrevoll sa at kåringsspengane for Suldal mangla i 2012, det er årsaken til dobbel avgift i 2013.

Jan Helge Havsøe vil ha notepost i tillegg, elles veldig bra.

Rekneskapet vart godkjent.

Budsjett for 2014

Budsjett godkjent.

Ingen innkomne saker

Arbeidsplan for 2014

Torill Undheim gjekk gjennom arbeidsplanen for 2014.

Kommentar:

Jan Helge Havsøe ynskjer at RSG skal ha stand på minimum fem marknadsplasser for å verve medlemmer.

Elin Fuglestad ville ha kurs for unge bønder.

Kjell Helland sa at web sida til lokallaga er lite oppdatert, kan me ha kurs?

Hanne Elise Lindal ynskjer kurs for tillitsvalde.

Livar Nedrebø sa at friske føtter må vere på planen og vidareførast.

Hermund Lende meinar at me må ikkje påleggja styret meir arbeid.

Arbeidsplan godkjent.

Jæren Smalalag v/Asbjørn Haga

Jæren Smalalag er 100 år og Asbjørn Haga hadde ei fin framføring i ord og bilder om laget. Laget har 17 heiasjefar, 5 skiljeplasser og 25 hytter.

Festmiddagen fredag kveld

Vikedal og Imsland Sau og Geit var vertskap denne kvelden. Underhaldning av eit lokalt mannskor som kalla seg Olagutane.

Hermund Lende slutter nå som kåringsdommar etter mange år. Han vart takka for innsatsen og Per Johan Lyse overrekte blomster, diplom og velfortente fine ord.

2010435 Øystein er beste bukk. Det er Anna Olaug og Hallvard Veen som har ala den. Hallvard mottok pokal og blomar.

201240947 Melis er beste ver. Kari og Harald Melhus har ala den, og dei skal få pokal og blomar.

Laurdag 22.februar

Ordstyrar Sigmund Skjæveland starta dagen med orientering av lagslovane og oppfordra til å lesa desse på www.nsg.no. Årsmelding frå lokallaga med namn på styret skal sendast til RSG etter årsmøtet. Årsmeldinga til RSG gir oss inntekter, annonsørane er våre støttespelerar.

Slakteriets time

Slakteria hadde kvart sitt innlegg, der dei trakk fram viktige satsingar og prioriteringar for 2014. Det er konkurranse mellom slakteria, men dei er alle god støttespelar for sauенæringa.

Nortura v/Siri Kvam Haugland: Det var betre pris og høgare tilleggsytelser i 2013. Nortura set prisen to gonger i året, 30.mai og 30. november. Ull er nå med i kvantumstillegget. Nortura og Team Småfe ynskjer ikkje at vêrlam som vert slakta 10.november- 1.februar automatisk skal klassast som vêr. Me har auka bemanning på kundekontakt og ynskjer å få nye leverandørar.

Kommentar:

Geir Tofte: Klassing av vêrlam, me må høyra på klassifisørane som er einig i den nye modellen, dei kan ikkje alltid vita når det vert vêrsmak.

Knut Thunheim: Mange slakter vêrlam som har vore i bruk. Lund samlar rundt 1. mars og leverer dei til slakt då.

Georg Fredrik Ueland: Klassifisørane klarer aldri å kjenna lukt, det må i gryta før det kjennest.

Knut Arild Aamodt: Ein bonde tar aldri eit vêrlam i retur.

Prima v/Georg Fredrik Ueland: Prima skjærer 1/3 av all sau i Norge og legg vekt på samarbeid mellom slakteri og bonde. Gjennomsnittsvekta på lam er låg fordi me har låg snittvekt på dielam. Har fått gode tilbakemeldingar på lam under «Jæren Smak». Har endra kriterier frå puljetillegg til levert tonnasje.

Kommentar:

Hanne Elise Lindal: Det er ein ukultur med tidleg lemming og slakt av små lam. Det er ikkje slike lam næringa vil ha.

Per Johan Lyse: Kor stort området hentar Prima slakt og korleis er holdninga til henting når det ikkje er fulle lass.

Svar: Så lenge eg er i Prima så hentar me uansett, men bonden bør tenkja på kostnad ved inntransport. Samarbeid skaper god pris.

Fatland v/Hilde Håland

Fatland har hatt ein veldig god utvikling og har stabile slaktetal og stabile leverandører og det er kjekt. Har positiv salsutvikling og er heilt avhengig av å kjøpa råvarer av våre konkurrentar. Det vart opna for import av lam i oktober og det har aldri hendt før. Puljetillegg utgjer 15% av prisen til bonde.

Kommentar:

Livar Nedrebø: Samlingsplasser er negativt.

Svar: Bonden sitt ansvar at reglane til Mattilsynet vart fylgde.

Per Johan Lyse: Avlsmessig,- vert det vurdert linjeklypp?

Svar: Ikkje aktuelt nå.

Val

Valet vart innleia av leiar i valnemnda, Trygve E. Ravndal.

Møteleiar Sigmund Skjæveland leia valet. Det vart talt opp 55 personer med stemmerett.

Resultat frå valet:

Leiar for eitt år: Magne Jakob Bjørheim 54 stemmer, 1 blank

Nestleiar for 2 år: Torill Undheim, 54 stemmer, 1 blank

Styremedlem for 2 år: Berge Kjell Opsal, 46 stemmer, 7 blanke

1.vara til styret: Bjarne Østerhus, Ryfylke. Valt for 1 år

2. vara til styret: Kjell Åge Torsen, Nord Jæren. Valt for 1 år

3.vara til styret : Ane Waage Haakull, Nord Rogaland. Valt for 1 år

Val av revisor: Egil Svela med Andre Kjørmo som vara. Begge vart valt for 2 år.

Møteleiar til årsmøte 2015: Sigmund Skjæveland

Godtgjersle til tillitsvalde

Forslag til endring av godtgjersle til Nestleiar. Vart vedtatt av årsmøtet med 46 stemmer, 6 stemte mot. Godtgjersle vert då:

Leiar: 30 000 kr

Nestleiar: 15 000 kr

Andre styremedlemmer: 6000kr

1.vara: 6000 kr

Leiar i avlsutvalet: 6000 kr

Andre tillitsvalde: 700 kr/dag

Ny valnemnd.

Valde på Årsmøtet i 2013:

Nord-Rogaland: Geir Tofte. Vara: Arne Frøystad
Dalane: Knut Arild Aamodt. Vara: Kåre Vaule

Valde på Årsmøtet i 2014:

Sør-Jæren: Bernt S. Undheim. Vara: Bjarte Vigre
Nord-Jæren: Finn Arrestad. Vara: Olav T. Bø
Ryfylke: Tor Egil Årtun. Vara: Askild Eggebø

NSG v/Ove Holmås

Ove Holmås fortalte om NSG som organisasjon, om utmarksbeite og beitelaga. Håper å kunne behalda beitelaga som foreining.

«Ei dagbok for mitt hjarta»

Film om Erik Stålevik, der me fekk sjå korleis kvardagen er som sauebonde.

Avslutning

Magne Jakob Bjørheim takka for tilliten og ber lokallaga koma med innspel til RSG om stad til årsmøte i 2015.

Stor takk til Sigmund Skjæveland for godt gjennomført årsmøte

Norlif Omdal

Sigmund Skjæveland

Arne Øverland